

## ØKONOMIPLAN FOR VOSS HERAD 2020-2023

Eg vil starta med eit sitat frå prosjektrådmannen:

«Voss herad blir kanskje ikkje rik på pengar av at Voss og Granvin slår seg saman, men det blir ein kommune rik på kunnskap, tradisjonar og ambisjonar. Voss herad blir ein heilt unik kommune. Kommunar av denne storleik som allereie har så mykje, men likevel har så mange fleire moglegheiter, er sjeldan vare. I dette biletet må me ikkje gå i den fella at me brukar meir tid på å snakka om ressursane .me ikkje har, enn dei me faktisk har. Det blir ikkje meir ressursar av å snakka om det me ikkje har, men me kan skapa ei kjensle av å ha meir ressursar til rådevelde om me forvaltar dei me har rett.»

Ein skulle tru at å slå saman to kommunar, automatisk ville føra til store innsparingar. Men me treng framleis dei lærarane me har, barnehagelærarane, omsorgsarbeidarane, fagarbeidarane osv. Det som det kan sparast på, er at me treng færre i administrasjon og politisk arbeid. Kor mykje dette utgjer, er det vel ikkje sett opp reknestykke på. Det er vel heller ikkje lagt opp til oppseiingar av tilsette, slik at ei eventuell innsparing kjem over tid.

Frå rådmannen: «Effektivisering av organisasjon og prosessar er ein mageleg måte å redusera kostnader på. Dette handlar om å levera tenester til minst like god kvalitet som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk, og påverkar brukarar i mindre grad og tilsette i større grad. Ved å endra måten ein organiserer arbeidet eller korleise ein utfører arbeidet kan ein oppnå innsparingar. Å skapa brei oppslutnad rundt slike endringar og å faktisk klara å henta ut gevinstar krev dyktig leiarskap på alle nivå, men oppgåva er absolutt overkommeleg så lenge ein viser stort tolmot. Godt utøvd leiarskap er nøkkelen for å lukkast med det meste av målsetjingar i organisasjonen. Å investera i å utvikla godt leiarskap i Voss herad blir difor ei viktig prioritering for rådmannen.» Lukke til i dette arbeidet. Det har vår fulle tilslutning.

Så til det vi meiner må vurderast i samband med den vidare prosessen:

- Tilrettelegging av næringsareal. Det er gledeleg å sjå at Isatdmyrane industriareal er lagt inn med investeringsmidlar. Å leggja til rette for etablering av verksemder skulle ein tru ville skapa aktivitet som syner att også i dei kommunale inntektene - altså utgifter som skapar inntekter. Men kva med Tvildemoen? Her er ferdig reguleringsplan, med tilrettelagte tomter for næring og bustad. Her må det snart skje noko!
- Opprusting av kommunale vegar. Ser at det er sett av 1,5\* på investeringslista, men trengst det totalt 5,5\* i Voss+ 3\* i Granvin pr. år? Det er viktig at alle i kommunen kjenner at dei er verdsette. Køyrbare vegar er eitt viktig moment.
- Bolstad barnehage. Dette er ei sak som skal handsamast i Voss kommunestyre seinare i dag, der innstillinga er at ein ynskjer at barnehagen på Bolstad skal gjenopnast. Her trengs då midlar til opprustning og drift. Auke av tal plassar i barnehage er noko Voss vil trengja uansett. Å avhjelpa problemet ved å ta i bruk barnehagen på Bolstad, vil vera ei rimeleg løysing. Dessutan syner ein med dette vilje til å koma dei i møte som bur lengst frå kommunesenteret. Bolstad (og Evanger) vil i framtida verta ein av dei mest attraktive buområda i kommunen, når ny veg og bane kjem. - Dette må inn i 2020!
- Auka dekningsgrad i kulturskulen. Det vil vera ei skam for Voss herad, med sine rike kulturtradisjonar, ikkje å kunna tilby nok kulturskuleplassar - og ein nedtur for Granvin.
- Gamlekinoen. Eg kan ikkje sjå at opprusting av Gamlekinoen er med på noka liste for investeringar.